



NHB Bolig Vest AS  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7092 - 15/4202

Saksbehandlar:  
Rune Kilen  
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:  
23.02.2015

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 133/54 Soltveit søndre

Vi synar til Dykkar brev datert 17.02.2015 som gjeld søknad om utvida og endra bruk av avkjørsle frå kommunal veg. Avkjørsleløyve med vilkår datert den 02.02.2011 vert no endra til å gjelde for 1 bustadeining.

Vedlagt følgjer kopi av vedtaksbrev av 02.02.2011.

Vi gjer merksam på at opparbeiding/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr. 3905), samt vegnormal N 100 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

### **Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De har mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei

levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltingslova § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune v/ Byggesak